

Retningslinjer for inntekter, bruk og forvaltning av kommunale viltfond

konto. 400 36020 Prosjektkode 8400

1. Føremål

Desse retningslinjene skal vere rådgevande for ein målretta bruk av kommunen sitt viltfond innanfor rammene i Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Tiltaka som får støtte frå fondet, må vere relevante i høve til konkrete viltinteresser i kommunen.

2. *Inntekter til viltfondet*

- a) Offentleg fellingsavgift for hjort, fastsett av kommunen jfr. § 5 i forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for hjort.
- b) Tilskot frå det statlege viltfondet.
- c) Inntekter frå omsetning av ulovleg felt hjortevilt og fallvilt.
- d) Inntekter frå felte skadedyr, i medhold av viltloven § 13 - vilt som gjør skade.
- e) Inntekt frå utleige av jakt på kommunale eigedommar.
- f) Fondet si årlege avkastning.
- g) Eventuelt anna.
- h) Avsette fondsmiddel på denne post skal overførast frå år til år.

3. *Prioriterte satsingsområder i perioden (2008-2012)*

- a) Auke kunnskapen om viltet i alle lokale ledd
- b) Utvikle forvaltningsverktøy som kan bidra til ei best mogeleg forvaltning av viltressursane
- c) Redusere omfanget av skade på innmark og særlege utsette produksjonar.
- d) Tildeling til enkeltpersonar, foreiningar, organisasjonar, kommunen, interkommunale tiltak eller samarbeidsprosjekt.
- e) Stimulere til organisering av Storvald basert på felles forvaltning med bestandsplanar og avskytingsplanar.

4. *Søknad*

- Søknadsfrist 15. april og 15 september.
- Søknaden skal vere skriftleg og innehalde ei utgreiing om tiltaket, kostnadsoverslag og finansiering.
- Søknad for tilskott til drift av godkjende Storvald skal følgje bestandsplan og avskytingsplan

5. *Tilskot*

- Storleiken på tilskotet under pkt 3. a) – b) vert vurdert på fritt grunnlag.
- Storleiken på viltfondsmidlar til oppsett av hjortegjerde vert sett til kr kr 250,- pr da slåttemark, i samsvar med oppdatert gårdskart – maks pr foretak kr 25.000,- Dette forutset at andre tiltak, som felling av tildelt kvote og uttak av skadedyr er gjennomført.
- I pkt.3. d) Interkommunale tiltak og samarbeidsprosjekt over kommunegrensene skal finansierast med min.50% andre middel.
- I punkt e) Tilskott til stimulering, organisering og drift av Storvald kr 80 pr tildelt dyr pr år + eit grunntilskott på kr 2000. Kommunen skal ha kopi av budsjett, rekneskap og årsmelding kvart år.

- Investeringar til mindre kommunale føremål, opp til kr.5000, vert delegert til administrasjonen.
- Løyvinga står ved lag i to år, og tiltak som ikkje er starta opp må søkje på nytt i konkurranse med andre.
- Tiltak som ikkje er fullført kan få utsett arbeidsfristen med eitt år.
- Eksisterande avtalar om bruk av viltfondet (som, ettersøk og jaktoppsyn) vil automatisk bli forlenga, så lenge målet med avtalane vert oppfylt.

6. Administrasjon og forvaltning

Viltfondet vert administrert av Plan, landbruk og teknisk. Hovudutval for Plan, landbruk og teknisk løyver midlar frå fondet i samsvar med retningslinjene. Det er høve til å delegere mynde frå hovudutvalet til administrasjonen innanfor nærare gjevne fullmakter. Fondsmidla vert plassert på renteberande konto slik at midla er disponible heile tida.

7. Utbetalingar

Til investeringar kan det utbetalast eit forskot på inntil 75% når tilsvarande del av tiltaket er fullført. Dei siste 25% vert utbetalt når krava i vedtaket er oppfylt (rekneskap, sluttrapport m.m.) Ved andre løyvingar skal krav for utbetaling gå fram av vedtaket.

8. Klagerett

Avslag på søknader kan klagast inn for formannskapet. Reglane i Forvaltningslova kap.VI gjeld for klage og endring av vedtak.